



## Påliteleg og systematisk områdeovervaking



Områdeovervakingssprosjektet i regi av tilsynsorgana (Tilsynsmyndighetenes områdeovervakingssprosjekt /TOP) er eit treårig utveklingsprosjekt for den delen av tilsynet med sosial- og helsetenester som vi kallar områdeovervaking. Regelverket gir hovudrama for kva Helsetilsynet skal følgje med på. Områdeovervaking er ein vesentleg tilsynsaktivitet, og Helsetilsynet ønskjer å utvikle god praksis både når det gjeld å hente inn, systematisere og tolke data. Bidraga frå områdeovervaking er viktige når tilsynsorgana vurderer tilstanden til sosial- og helsetenestene. Kunnskap frå områdeovervaking er også sentral i prosessane som gjeld prioritering av område for tilsyn, både på fylkesnivå og på nasjonalt nivå.

Ein ventar at tilsynsorgana har ei generell oversikt over korleis det står til med sosial- og helsetenestene, og det omfattar også kunnskap om tenestetilbodet sett i forhold til helsetilstanden i befolkninga og dei sosiale kårane til folk. I områdeovervaking set vi saman informasjon frå ulike kunnskapskjelder, både våre eigne og andre sine. Helsetilsynet kan ha ulike innfallsvinklar når det gjeld områdeovervaking. Ei tilnærming er at vi gjennom tilsynserfaringar og andre data får kunnskap om svikt i tenestetilbodet i eit avgrensa geografisk område. Slik kunnskap kan for eksempel gi grunnlag for å hente inn nærare informasjon for å vurdere korleis det står til i andre delar av landet. I tillegg skal Helsetilsynet, med hjelp frå andre kunnskapsprodusentar, meir generelt følgje med på kva tenestene yter, og utviklingstrekk i befolkninga. Eksempel på dette kan vere økonomisk sosialhjelp, fattigdomsutvikling og variasjonar som ikkje samsvarer med regelverket.

Ramma for kva tilsynsorgana skal følgje med på, er vid, og det er derfor viktig å basere tilsynet på risikovurderingar. Risiko er uvisse knytt til framtida og seier oss noko om fare for svikt i ulike situasjonar. Risikovurderingar blir baserte på tilsynserfaringar, statistikk, forskning og liknande. Risikovurderingar kan også avdekkje sårbare forhold, altså seie oss noko om kor ein

må gjera tenesta meir robust. Risiko- og sårbarheitsvurderingar er sentrale i områdeovervaking. Det handlar langt på veg om å følgje med på rett stad til rett tid, slik at vi så tidleg som mogleg kan peike på svikt i tenestene eller område der det er fare for svikt.

Du kan lese meir om TOP på [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no) under Tilsyn – funn, avgjørelser, metoder.

### OMRÅDEOVERVAKING

er tilsyn med overordna perspektiv, og omfattar å hente inn, systematisere og tolke kunnskap om sosial- og helsetenestene i eit tilsynsperspektiv (jf. St.meld.nr. 17 (2002–2003) Om statlige tilsyn).